

Høyringsinnspel for Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø

Om Bergens Tekniske Museum

Bergens Tekniske Museum er eit frivillig drive museum som held til i den gamle Trikkehallen på Møhlenpris. Fokusområde er teknisk og samferdslemessig utvikling lokalt og regionalt. I nær tilknytning til museumsføremålet driv Bergens Elektriske Sporvei museumssporveg på museumsområdet og tilstøytande by. BTM er i stor grad dreve av medlemsorganisasjoner, og all innsats er frivillig.

BTM har mellom anna eit fullt ut fungerande trykkeri, museumssporveg, fungerande dampmaskin med kjel, motorutstilling og anleggsmaskiner - og meir til. I tillegg er området vi held til i eit industrielt kulturminne, med skule, arbeidsplass (trikkehall), funksjonær bustader og idrettsplass samla på eit par kvartal, bygd innafor ein kort tidsperiode.

Totalt er det eit par tusen personar som er tilknytta organisasjonane rundt BTM, og opp under 15000 besökande til museet kvart år, med ein sesong som strekker seg over meir enn halve året.

Bevegeleg kulturarv og BTM

Vi har i dette høyringssvaret i hovudsak valt å fokusere på å gje innspel rundt deltema tre i høyringsgrunnlaget.

Som nevnt held BTM til i trikkehallen på Møhlenpris. Denne, samt plassen rundt, og sporvifte er vedtaksfreda. Denne eigedommen er del av byhistoria i Bergen, og del av utviklinga av bydelen Møhlenpris, som var i ferd med å vekse fram når hjørnesteinsbedrifta Bergens Elektriske Sporvei la hovudanlegget sitt dit på tidleg 1900-tal.

I høyringsgrunnlaget vert det trekt fram at det er behov for tverrfagleg kompetanse for å kunne drive bevegelig kulturarv. Vår opplevelse er at det i svært stor grad stemmer, gitt dagens komplekse regelverk. Dei personane som kan å bruke kulturarven er gjerne ikkje dei samme personane som kan navigere stadig meir komplekst regelverk når det gjeld t.d. HMS og utsleppskrav.

I så måte vil BTM peike på viktigheita av at det offentlege legg til rette for verksemda i størst mogeleg grad, både gjennom økonomiske rammer, rettleiing i offentlegrettslege krav til verksemda - samt dei fysiske rammene for å bruke bevegeleg kulturarv som del av kulturmiljøet den inngår i.

For BTM sin del ser vi på det som unikt at vi kan bruke eit bygg til samme føremål som det var bygd for, godt over hundre år seinare, på ein måte som vi tydeleg ser at publikum set pris på. Det er takka vere eldsjeler som aldri har gitt opp.

BTM representerer og fleire ulike disipliner - frå historiske køyrety til trykkeri til dampmaskiner. Heilheita gjer at vi kan vise fram ulike delar av industri og samferdsle frå rundt århundreskiftet og framover, og det er fagmiljø som kan trekke vekslar på kvarandre. Slike kulturhus som BTM har utvikla seg til å vere meiner vi er viktige for å ivareta den immatrielle og industrielle kulturarven.

Høyringsinnspeil for Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø

For alle kulturminna som inngår i BTM, det vere seg bil, dampmaskin, trykkpresser eller trikk, er komplekse tekniske innretninger som krev fagkunnskap. Denne fagkunnskapen vil forsvinne om den ikkje vert halden ved like og formidla til nye generasjonar. Uten den vil ikkje den bevegelege kulturarven kunne komplementere det industrielle kulturmiljøet.

For å bevare innsatsen eldsjelene har lagt ned bør rammene styrkast, og eldsjelene må få hjelp og rettleiing til å forvalte og drive kulturminna på ein best mogeleg måte, til glede for alle. Det inkluderer å fasilitere møteplassar, tekniske og regulatoriske verktøy for dei aktive.

Breidda i aktiviteten og samlingane av fungerande teknisk kulturarv fordrar at vi kontinuerleg vedlikeheld og viareformidlar kunnskapen - den immaterielle delen av kulturarven. Det er den immatrielle kulturarven som held liv i BTM - og liknande kulturminner.

Gjennom bruk og forvalting kan vi sikre bevegeleg kulturarv og industrielle kulturmiljø for framtida.

For BTM,

Carl Harbitz-Rasmussen
Styremedlem BTM
chr@bergenstekniskemuseum.no
+47 913 85 830

Vidar Løkken
Styremedlem BTM
vl@bergenstekniskemuseum.no
+47 966 28 780